

Referat frå Årsmøte i Stryn Idrettsråd (SIR)

Tid: Torsdag 28.03.2019 kl.18.30

Stad: Stryn kulturhus, kommunestyresalen

Leiar i SIR, Gunnar Harstad, ynskter dei frammøtte velkomne. Spesielt gledeleg at Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK) var representert ved nestleiar i styret, Arve Heimdal.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

- Godkjend

Sak 2: Velje ordstyrar (dirigent), sekretær, 2 til å underskrive møteprotokollen

- Gunnar Harstad vart valt som ordstyrar
- Per Øen vart valt som sekretær
- Martine Bruland og Sverre Arve Roset vart valde til å skrive under møteprotokollen

Sak 3: Godkjenne dei frammøtte representantane

Det vart sendt rundt liste til å skrive seg på, og representantane presenterte seg kort.

Gunnar Harstad	Oppstryn IL/leiar SIR	gun-hars@online.no
Per Øen	Markane IL/sekretær SIR	per-oe@online.no
Jan Endre Nesdal	Stryn T&I	jan.nesdal@gmail.com
Eldbjørg Hatledal	Markane IL	eldbjorg.hatledal@gmail.com
Sverre Arve Roset	Stryn Motorsportklubb	sroset90@gmail.com
Knut Ove Rygg	Stryn Motorsportklubb	knut.ove.rygg@gmail.com
Elisabeth Strøm	Hardbagg IL (leiar)	elstr@mattilsynet.no
Trine Rand	Hardbagg IL (medlem)	trinerand@hotmail.com
Eivind Arne Tonning	Stryn pistolkl.(medl.)/kass. SIR	eitonnin@gmail.com
Dorota Spalding	Loen IL (kasserer)	dorota.spalding@gmail.com
Martine Bruland	Loen IL (leiar)	mbrula3@hotmail.com
Jonn Beinnes	Stryn T&I (leiar)	jonn@beinnes.no

- Dei frammøtte representantane vart godkjende

Sak 4: Nestleiar i SFIK, Arve Heimdal, fekk her ordet.

Innleiingsvis gav han stor honnør til leiar i SFIK, Nils R. Sandal, som handterer tilhøvet mellom den politiske- og den administrative delen av Idrettskrinsen på ein framifrå måte.

Den nye organisasjonssekretæren, Bodil Ryste, var egentleg tiltenkt ei anna stilling, men måtte tiltre då den tidlegare organisasjonssekretæren, Anne Leversund, sa frå seg stillinga. Etter kvart som Bodil har vorte kjend med oppgåvene sine, så gjer ho ein veldig god jobb for SFIK.

Dette positive, samt at SFIK skal tilsette ein ny medarbeidar i administrasjonen, gjer at ein står godt rusta for framtida, og då er det litt synd at det blir ei omorganisering i høve det nye Vestland fylke.

Heimdal gjekk så igjennom medlemstal/medlemsutvikling, aktivitetstal/utvikling av aktivitetstal, aktivitetstilskott (LAM), grasrotandelen, momskompensasjon varer og tenester/idrettsanlegg.

Vidare så synte han organiseringa av norsk idrett og presenterte styret og administrasjonen i SFIK. Når det gjeld aktivitet så har Sogn og Fjordane 16 idrettsråd, 192 idrettslag med til saman 45000 medlemmar.

På vegne av alle laga/medlemmane så tek SFIK seg av lovverk, økonomi, medlemssystem, barne- og ungdomsidrett, paraidrett og arrangement.

Etter dette kom Heimdal inn på regionaliseringsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Her er nokre stikkord om dette:

- Tidsskjema for prosessen
- Konstituerande ting for Vestland FK i Myrkdalen 9. november 2019
- Har vore litt «knuffing» i starten, men har etter kvart gått seg til
- Jobbar no godt og det ligg an til eit godt resultat
- Har kanskje lege litt etter når det gjeld informasjon, bl.a. til særkretsane
- 40,1 % av innbyggerane i Sogn og Fjordane er med i idretten
- Men Hordaland har 4 gongar så mange medlemmar
- Viktig for Sogn og Fjordane å da dyktige folk i leiinga så vi ikkje forsvinn i mengda
- Kompetanse på spelemiddelsøknader er viktig for at regionen skal få tildelt mest muleg av den potten
- Idrettsråda må kanskje bli tøffare å prioritere mellom idrettsanlegga
- Særkretsane si framtid blir bestemt av særforbund/særkrets
- Idrettskrinsane si framtid er politisk bestemt av NIF
- Presenterte interimstyret (2 frå S. og Fj., 2 frå Hord.) og saker dei jobbar med
- Norsk idrett sitt org.kart i framtida skal opp på Idrettstinget våren 2019
- Med mange små fleir-idrettslag er det kanskje uheldig at forbindelsen mellom særkrets og hovedstyret i idrettslag ikkje er sterkare (jfr. stipla linja på org.kart)
- Viste «Idretten vil – nytt idrettspolitisk dokument»
- Moderniseringsprosjektet – digitaliseringsløftet. Mål: Skal forenkle kvardagen for idrettslag, medlemmar og tillitsvalde og ulike org.ledd i norsk idrett. Det skal bl.a. berre vere eitt medlemssystem.

Med dette avslutta Arve Heimdal, og han fekk fortent applaus frå dei fram møtte.

Det vart no ein liten pause med vaffler og kaffi/te, samt nødvendige ærend.

Sak 5: Handsame og godkjenne årsmelding 2018

Gunnar Harstad gjekk gjennom hovedpunkta i meldinga

Han stoppa opp ved punkt 4.2.5, og refererte til brevet SIR sende Stryn kommune vedkomande det såkalla «Blålysbygget» i høve uttale til «Områderuleringsplan Stryn sentrum». SIR meinte dette bygget ikkje måtte plasserast på friarealet nær Stryn vgs/Strynehallen.

Punkt 7. Mottekne midlar, viser at styret i SIR fordelte/tilrådde i alt kr. 1.270.679,- til idretten i Stryn kommune i 2018.

Til slutt nemnde han Johannes Thingnes Bø og Tarjei Bø sine prestasjonar i VM Skiskyting samt Johannes sin samanlagtsiger i Verdenscupen.

- Årsmeldinga vart godkjend

Sak 6: Handsame og godkjenne revidert rekneskap 2018

Kasserar i SIR, Eivind Arne Tønning, gjekk igjennom rekneskapen som ballanserer på kr. 8.225,47, og med eit overskot på kr. 3.782,22. I bank pr. 31.12.2018 er der kr. 52.991,70. På UngSIR (som pr. i dag ikkje har aktivitet) sin konto står det kr. 33.917,77

Revisjonsmeldinga var lesen opp.

- Rekneskapen vart godkjend

Sak 7: Handsame framlegg til arbeidsprogram (jfr. Årsmelding pkt. 6 og 9, herunder reiegjere for/drøfte utbyggingsplanar/aktivitetsutvikling

Frå punkt 6

A.) Grundig sakshandsaming ved tilråding kulturmidlane

B.) Grundig sakshandsaming fordeling lokale aktivitetsmidlar

- C.) Heilskapleg vurdering og påverknad ved uttale «Kommunalplan for idrett/fys. akt. m.m.
- D.) Frå punkt 9
- E.) 9.1) Styret i SIR stiller seg opne for nye arbeidsoppgåver som laga evt. måtte ha
- Styret i SIR sitt framlegg til arbeidsprogram vart godkjend

Sak 8: Handsame innkomne framlegg/sak(er) (diskutere/informere)

- a) Framlegg til kandidat(ar) til styret i den nye Vestland Idrettskrets
 - Årsmøtet i SIR vil føreslå Nils R. Sandal som medlem til det nye styret, og gjerne som leiar. Vi bør alliere oss med andre idrettsråd, spesielt i Nordfjord
- b) Invitere til medlemsmøte/ope møte m/forelesar
 - Matias Lilleheim, tidlegare landslagsutøvar i spydkast og mangeårig trenar på Toppidrettssenteret, no flytt tilbake til Stryn, vart nemnd som ei aktuell person. Vi kan spørje Matias kva tema han trur kan passe, og eventuelt tidspunkt for samlinga. Truleg passar det best tidleg på hausten.

Sak 9: Vedta budsjett 2019

Budsjettforslaget viser inntekter på kr. 8.230,- og utgifter på kr. 8.000,-. Dette gjev eit overskot på kr. 230,-.

- Budsjettet vart godkjent

Sak 10: Val

I valnemnda har vore:

Svenn Arve Roset, IL Vetten (leiar)

Trine Rand, Hardbagg IL

Leiv Arne Egset, Olden IL

Det har ikkje vore varamedlem dette året

Leiar og nestleiar skal veljast på årsmøte

Leiar:	Gunnar Harstad, Oppstryn IL	attval for 2 år
Nestleiar:	Terje Raftevoll, Vikane IL	attval for 2 år
Styremedl.:	Eivind Arne Tonning, Stryn pistolkl.	på val i 2020
Styremedl.:	Jan Endre Nesdal, Stryn T&I	attval for 2 år
Styremedl.:	Martine Bruland, Loen IL	på val i 2020
Styremedl.:	Per Øen, Markane IL	på val i 2020
Varamedl. 1:	Klemet Bø, Markane IL	attval for 2 år
Varamedl. 2:	Ole Anton Brekke, Stryn motorsportkl.	på val i 2020
Revisor:	Anita Elin Myklebust, Oppstryn IL	på val i 2020
Revisor:	Per Vidar Roset, IL Vetten	på val i 2021 (ny)

Valnemnd 2020

Leiar: Trine Rand, Hardbagg IL

Medlem: Leiv Arne Egset, Olden IL (2 år att)

Medlem: Bente Bjerkenås, Stryn T&I (ny, 3 år att)*

- På grunn av at det ikkje vart valt varamedlem i fjor, går Bente Bjerkenås rett inn som medlem.
Valnemnda i 2020 må difor skaffe eit nytt medlem og eit nytt varamedlem til valnemnda for 2021
- Alle vart valde ved akklamasjon.

Leiar i SIR, Gunnar Harstad, takka for tilliten og for frammøte, og ynskta alle vel heim.
Møtet slutt 20.30

Per Øen
Referent

Martine Bruland

Svenn Arve Roset